

# Laura Ellestad



«Solospill av beste kvalitet»

– Frode Hermanrud, *Oppland Arbeiderblad*, 04.09.2014

«Hardingfelespel av beste merke»

– Sigbjørn Apeland, *Dag og tid*, 05.09.2014

«En forfriskende solo hardingfeleplate fra en spennende artist»

– Sjur Viken, *Bladet Folkemusikk*, 09.12.2014

Laura Ellestad er noko så sjeldan som ein prisbelønt kanadisk hardingfelespelar busett i Noreg, og har markert seg som ein av dei fremste utøvarar på instrumentet i landet. Debutplata «Valdresspel i Amerika» vart utgjeven på ta:lik i 2014, og med både nominasjon til Spellemannsprisen og Folkelarmprisen, samt opprykk til klasse A på Landskappleiken (for øvrig den einaste utanfor Skandinavia som er kvalifisert til A-klassa) er Ellestad ein solospelemann med stor musikalsk tyngd.

Laura Ellestad er fødd i 1982 og er oppvaksen i Calgary, Alberta, Canada. Ellestad er eit gardsnamn øverst i Vestre Slidre i Valdres, der ho har slektsrøter på farssida. Ho begynte å spela fiolin, men vart gripen av hardingfela då ho høyrde Tore Bolstad frå Øystre Slidre, som var i Canada og heldt kurs. Så flytte ho til Valdres for å arbeide på gard og spela hardingfele. Ein allergi gjorde slutt på gardsarbeidet, men felespel vart det. Ho søkte seg inn på Ole Bull Akademiet kor ho studerte med Tore Bolstad, Jan Beitohaugen Granli og Leif Rygg, for så å ta ein mastergrad i utøvande folkemusikk på Norges musikkhøgskole under Håkon Høgemo.

Musikken hjå Laura er prega av ei stor speglede og nysgjerrigheit. Med solid tyngd i valdresrepertoaret vart ho nysgjerrig på spelemenn som utvandra fra Valdres til Nord-Amerika. Dette leidde Laura til å rekonstruere det utvandra slåttereperetoaret, og på solokonsertane sine blandar ho både kjente og ukjente slåttar med spennande historiar og bakgrunnsmateriale.

Laura er i tillegg til å vera ein ettertrakta soloartist mykje nytta som dansespelemann og kurshaldar, og har turnéert mykje i Noreg, store delar av Europa og Nord-Amerika, samt India med sitt hardingfelespel.



[www.lauraellestad.com](http://www.lauraellestad.com)

Kontakt: Laura Ellestad // (+47) 975 22 770 // [lauraellestad@gmail.com](mailto:lauraellestad@gmail.com)